

PRINSIPPROGRAM FOR NOREGS MÅLLAG

- vedteke 2. april 2022 -

Føremål

Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir meir brukt i heile Noreg. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna tala dialekten sin.

Grunnlag

Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje alle tilgang til skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.

Det nynorske skriftspråket er ein umissande del av den språklege og kulturelle arven for alle som bur i Noreg, og det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar.

Det er ei viktig internasjonal oppgåve å ta vare på dei mange språka som er under press frå språk med fleire eller mektigare brukarar. Noregs Mållag ser arbeidet for nynorsk som del av ei brei internasjonal rørsle for å tryggja og styrkja utsette språk.

Samfunnsberande språk

Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet. Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som samfunnsberande språk.

Styresmaktene må syta for at det i heile landet er enkelt å bli nynorskbrukar og å halda fram som nynorskbrukar. Nynorsk må haldast ved like og styrkjast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk.

Norsk skal halda fram med å vera det samfunnsberande språket i Noreg. Noregs Mållag skal stå fremst i kampen for å hindra at engelsk tek over viktige domene- Alle skal ha rett til å nytta norsk språk i norsk skule og arbeidsliv.

Vi skal kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar i Noreg. Nynorsk skal vera likestilt med bokmål i den digitale språkutviklinga.

Dugleik og fellesskap

Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfellesskapen. Å kunna nynorsk er ein føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle skal ha rett til fullgod opplæring i og på nynorsk.

Talemål

Det er ein demokratisk rett å kunna bruka sitt eige talemål. Dei norske dialektane er det historiske grunnlaget for nynorsken. Dialektbruk er akseptert og normalt i dei fleste samanhengar, men dialektmangfaldet er like fullt under press. Noregs Mållag forsvarar dialektar og dialektbruk. Noregs Mållag stør bruk av normert nynorsk tale.

Mindretalsspråk

Noregs Mållag stør brukarane av mindretalsspråk og minoritetsspråk i kampen deira for språklege rettar. Vi står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg. Det gjeld særleg dei samiske språka, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani, romanes.

Noregs Mållag og prinsippprogrammet

Medlemene i Noregs Mållag legg prinsippprogrammet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einskildsaker og samarbeida med andre organisasjonar når det tener målsaka.